

Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 27.02.2018

Sak nr.: 18/1476-2

Internt l.nr. 10842/18

Sak: 5/18

Tittel: **Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - Forslag til prosjektplan**

Behandling:

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 3 – 5 vert endra til 2 – 4.

Avrøysting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.